

## Søknad om utbetaling av tilskot.....Konglevoll 16.01.19

Viser til løyvingsbrev datert 30.10.17 og ber om utbetaling av tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket for bruk 54/1 Konglevoll. Tiltaket har vore oppsetjing av gjerde mellom Hetlehovde og Træland, samt grunder og avslutningar i samband med den Trondhjemske postveg.

Me på Konglevoll driv som tidlegare nemnt omfattande beiting av innmark, kulturbeiter og utmark. Dette prosjektet er ein del av ei totalpakke der me endar med 800 dekar inngjerda mark fordelt på desse marktypane. Bruk 93/1 og 93/2 Hetlehovde er no inngjerda i sin heilheit og dette utgjør ca 400 dekar med beite. Med unnatak av våt mark og klima er det dårlege gjerder som har vore den største utfordringa me har hatt for og kunna hausta dei ressursane me har tilgjengeleg på dei bruka me driftar. I 2018 hadde me ca 650 sau og lam beitande i områda Konglevoll, Hetlehovda og Brakøy. 250 av desse var på Hardangervidda i 10 veker midtsommars.

Me har valt og satsa skikkeleg no når me set opp nye gjerder. Me brukar HT gjerde og har no sett opp 3000m av dette. HT gjerde er ein ny måte og tenkja på, der avstand mellom staurane er ca. 4m, men samtidig vert krava til staurane større. Gjerde nettingen vert «jekka opp» med gripler, noko som gjer monteringa svært effektiv og ikkje minst vert det enkelt og vedlikehalda dette gjerdet i åra som kjem. Forventa levetid er ca. 50 år 😊









Økonomi:

Eige arbeid	80t a 250,-	20 000,-
Gjerde utstyr	750m a 70,-	52 500,-
Bruk av traktor og utstyr	10t a 500,-	5 000,-
<b>Totalt</b>		<b>77 500,-</b>

Eg takkar for løyvd tilskot og bed om at dette vert utbetalt til konto: 3632 08 04609

Dersom kommunen ynskjer synfaring , tek eg med glede i mot dykk for dette.

Beste helsing

Anders Konglevoll